

ORDNING FOR KONFIRMASJON

NYNORSK

INNHALD

KVA ER KONFIRMASJONEN?.....	2
MÅLSETJING FOR KONFIRMASJONSTIDA.....	2
KONFIRMASJONSHANDLINGA.....	2
ORDNING FOR KONFIRMASJON	3

Godkjent av Hovudstyret mai 2011.

ORDNING FOR KONFIRMASJON

KVA ER KONFIRMASJONEN?

Konfirmasjonen høyrer både teologisk og historisk saman med dåpen sitt nådemiddel. Den er ikkje eit sakrament. Dåpen gjev både frelse og Den Heilage Ande og treng inga supplering. Konfirmasjonen er forbønshandlinga som normalt avsluttar kyrkja si samanfattande og konsentrerte dåpsopplæring ved overgangen mellom barn og vaksen. Konfirmasjonen byggjer på den trusopplæring og trusoverlevering som heim og forsamling har øva overfor dei døypte borna. Ramma om konfirmasjonstida er den kristne, truande forsamling. Konfirmasjonen skal styrkje tilhøyrsla til det kristne fellesskapet ved invitasjon, inkludering og omsorg. Den har til føremål å vere disippelgjerande med aktivt trusliv og kristenliv som mål.

MÅLSETJING FOR KONFIRMASJONSTIDA

Kunnskap, fellesskap, teneste, tru

Under konfirmasjonstida skal konfirmantane:

- Gjerast kjende med hovudpunkta i den kristne trua
- Ta del i kristent fellesskap
- Gjere erfaring med kristen teneste
- Kallast til eit liv i forsaking og tru

KONFIRMASJONSHANDLINGA

Konfirmasjonshandlinga består av:

- Forkynning – med vekt på Guds frelse, omsorg og lovnader
- Forbøn – for den einskilde konfirmant
- Velsigning

ORDNING FOR KONFIRMASJON

Denne ordninga omfattar dei ledda som normalt bør høyre med i ei konfirmasjonshandling. Handlinga vert lagd til eit møte eller ei gudsteneste som vert tilpassa konfirmasjonshandlinga. Det vil vere naturleg at denne ordninga vert utfylt med andre innslag. Ikkje minst bør kristen song og musikk få ein sentral plass denne dagen.

1) OPNINGSORD OG BØN

- Nådehelsing: L: *Nåde vere med dykk, og fred frå Gud vår far og Herren Jesus Kristus*
- Opningsord: (Opningsorda kan formulerast fritt og kan forklare kva vi legg i konfirmasjonshandlinga. Opningsorda kan avsluttast med Joh 3,16): *For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.*
- Bøn: L, ein konfirmant eller konfirmantleiar (Etter opningsorda fylgjer ei fritt formulert eller fylgjande bøn:): *Himmelske Far, vi takkar deg fordi du har skapt oss, kjenner oss og elsker oss. Takk for konfirmasjonstida. Lat oss sjå kva du har gjort for oss og gjer oss opne for det du vil gje oss. Velsign denne dagen. Amen.*

2) SKRIFTLESING OG FORKYNNING

Forkynninga bør adresserast til konfirmantane. Nokre aktuelle tekstar som kan nyttast denne dagen: 5. Mos 6,4-9; Salme 121; Matt 7,24-29; Joh 6,66-69; Fil 3,12-14; Fil 4,4-9; 2. Tim 3,14-17.

3) PÅMINNING OM DÅPEN

- L: *I dåpen gav Gud oss ei stor gåve: Vi fekk tilgjeving for syndene våre, Den Heilage Ande og vart lemer på Kristi kropp. I dåpen vart vårt gamle menneske gravlagt, vi vart frelst frå synda si skuld, frå djevelen og alt det vonde, og vart fødde på nytt til eit liv i Kristus. Vi vart Guds born og fekk del i Jesu oppstode og evig liv saman med han. Så lenge vi lever i trua på Jesus eig vi dette.*
- L: *Grunnlaget for dåpen og opplæringa i trua finn vi i evangeliet etter Matteus i det 28. kapitlet:*
Men dei elleve læresveinane drog til Galilea, til fjellet der Jesus hadde sagt han ville møta dei. Og då dei fekk sjå han, fall dei ned og tilbad han. Men somme tvila. Og Jesus steig fram, tala til dei og sa: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda! Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, med di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står!»

4) VEDKJENNING AV TRUA

- L: Kjære konfirmantar: De er døypte til Jesus Kristus. Gjennom konfirmasjonstida har de fått opplæring i den kristne trua. Lat oss saman vedkjenne kva vi vender oss bort frå og kva vi trur på:
- Alternativ I (konfirmantane svarar saman med forsamlinga):
A: Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.
Eg trur på Gud Fader, den allmechtige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstode av lekamen og evig liv. Amen.

- Alternativ II (konfirmantane svarar saman med forsamlinga):
L: Forsakar du djevelen og det vonde?
A: Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.
L: Trur du på Gud Fader?
A: Eg trur på Gud Fader, den allmechtige, som skapte himmel og jord.
L: Trur du på Jesus Kristus?
A: Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Guds, den allmechtige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.
L: Trur du på Den Heilage Ande?
A: Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstode av lekamen og evig liv. Amen.

5) INNLEIANDE FORBØN (fylgjande eller fritt formulert bøn kan brukast):

- Alternativ I: Evige Gud, himmelske Far, vi takkar deg fordi du i den heilage dåpen tek oss inn i ditt rike. Vi bed deg for konfirmantane: Før dei fram på trusvegen, så dei dagleg vender om til deg, og gjennom heile sitt liv lærer din Son, Jesus Kristus, betre å kjenna.
- Alternativ II: Evige Gud, himmelske Far, vi takkar deg fordi du i den heilage dåpen tek oss inn i ditt rike. Vi bed deg for konfirmantane: Før dei fram på trusvegen, så dei dagleg vender om til deg, og gjennom heile sitt liv lærer din Son, Jesus Kristus, betre å kjenna. Styrk dei i freistingar og vanskar med di kraft, hjelp dei til å bruke bøna, ditt ord og den heilage nattverden. Lat dei

høyre heime i di kristne kyrkje, så dei saman med alle som trur på deg, kan vedkjennast ditt namn og i ord og gjerning, takke og tene deg. Amen.

○ Alternativ III:

Kan gjerne vere veksellesing med fleire involverte

L (eller andre,): **Kjære Gud, vi takkar deg for konfirmantane. Takk for at du har skapt dei i ditt bilete og gjeve dei livet i gåve. Takk for dine lovnader i dåpen.**

Vi bed for konfirmantane:

Vare dei frå det vonde og frels dei frå synd og evig død

A: Høyr vår bøn

L: Opne hjarto deira ved Den Heilage Ande, styrk dei i trua og gjev dei ei evig von

A: Høyr vår bøn

L: Lat dei søkje deg i ditt Ord, i bønna og nattverden

A: Høyr vår bøn

L: Vare dei i trua og lat dei finne ein heim i det kristne fellesskapet

A: Høyr vår bøn

L: Send dei til verda for å tene andre og vitne om deg og di frelse

A: Høyr vår bøn

L: Lei dei fram til evig fellesskap med deg

A: Høyr vår bøn

L: Vi legg konfirmantane i dine allmektige hender. Amen.

6) HERRENS BØN (Fritt å velje versjon)

○ L: **Lat oss saman be Herrens bønn:**

A: Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt, og makta og æra i all æve.

Amen.

7) FORBØN FOR DEN EINSKILDE KONFIRMANT/KONFIRMASJON

○ L: **De er døypte og opplærde i den kristne trua. Kom fram så vi kan be for kvar einskild og de kan ta imot Guds velsigning til tru og eit liv saman med Jesus.**

Ein og ein konfirmant vert beden for medan leiaren legg handa på hovudet til konfirmanten. Der det ligg til rette for det kan knefall brukast for ein eller

fleire konfirmantar.

Forbøn er samansett av eit innleiande bibelord og ei av fylgjande forbønsformuleringar (desse kan gjerne veljast av den einskilde konfirmant):

Alternativ I (vel ein av disse):

- 1 Trufaste Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Gjev *han/henne* styrke til å møte utfordringane i livet. Hald *han/henne* fast i trua på Jesus Kristus. Fred vere med deg.
- 2 Himmelske Far, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Omgjev *han/henne* med di signing til eit liv med framtid og von. Fred vere med deg.
- 3 Gode Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Vare *han/henne* frå alt vondt og ver *hans/hennar* vaktar og hjelpar i dag og alle dagar. Fred vere med deg.
- 4 Evige Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Ver med *han/henne* gjennom livet, og hald *han/henne* fast i din fred. Fred vere med deg.
- 5 Herre vår Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Gjer *han/henne* trygg på at ingen ting kan skilje *han/henne* frå din kjærleik i Kristus Jesus. Fred vere med deg.
- 6 All nådes Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Du som har byrja den gode gjerninga i *han/henne*, fullfør den, heilt til Jesu Kristi dag. Fred vere med deg.
- 7 Herre, treeinige Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Ver nær *han/henne* med din nåde og styrk *han/henne* i trua, vona og kjærleiken. Fred vere med deg.
- 8 Miskunnsame Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Du har kalla *han/henne* til å leve i fellesskap med deg. Vis *han/henne* din kjærleik og den vona som *han/ho* eig i deg. Fred vere med deg.
- 9 Trufaste Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Signe framtida *hans/hennar*, så *han/ho* kan vekse i tru og tillit til deg. Fred vere med deg.
- 10 Livsens Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Hjelp *han/henne* til å leve til di ære og til glede og velsigning for andre. Fred vere med deg.
- 11 Allmektige Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Lat *han/henne* alltid sjå at Jesus er vegen, sanninga og livet. Fred vere med deg.
- 12 Evige uforanderlege Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Lat *han/henne* få kjenne din nærleik og alltid følgje den vegen som fører til frelse. Fred vere med deg.
- 13 Nådige, trufaste Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Styrk *han/henne* ved din Heilage Ande, til eit liv i tru og teneste. Fred vere med deg.
- 14 Barmhjertige skapar og Herre, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Lat *han/henne* få vandre i ditt lys og leve sitt liv omgjeven av din kjærleik. Fred vere med deg.

Alternativ II

L legg handa på konfirmantens hovud og ber ei bøn som er vald eller utforma i løpet av konfirmasjonstida i eit samarbeid mellom leiar for konfirmantarbeidet og den einskilde konfirmanten.

- Avslutning av forbøn (når alle konfirmantane er bedne for)

- Alternativ I

- L: *Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!* (1. Pet 1,3)

- Alternativ II

- L: *Den allmechtige Gud har i dåpen gjeve dykk sin Heilage Ande, gjort dykk til sine born og teke dykk inn i si truande forsamling. Han styrkje dykk med sin nåde til det evige liv.*

8) VELSIGNING, HELSING OG UTSENDING

VELSIGNINGA:

L: *Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lyse over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. Amen*

AVLSUTTANDE HELSING, TIL DØMES FRÅ LEIAREN AV KONFIRMANTARBEIDET¹

¹ Eksempel frå DnK 2002: *Kristus har kalla oss til å leve i tru på hans oppstode og vere hans vitne i verda. Bli verande i hans kjærleik og i fellesskapet med alle som trur på han. Kristus har gjeve oss til kvarandre, han er nær oss i Ordet og bønna, dåpen og nattverden. Lat oss alltid be for kvarandre, og saman med Kristus gå framtida i møte.*